

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
015/17	Formannskapet	PS	26.01.2017

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA - M90, FE - 144, HistSak - 10/1275	16/1019

### Kommunedelplan for vassforsyning og avløp i Austrheim kommune 2017 - 2027 - Offentleg ettersyn

#### Vedlegg:

Hovudplan vann - kart

Hovudplan - avløp kart

Revisjon av hovudplan for vassforsyning og avløpshandtering - formannskapet 15.01.14

Utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn - Austrheim kommune

Avtale mellom Lindås kommune og Austrheim kommune om levering av vann fra Storavatn

Kommunedelplan vassforsyning og avløp 2017-2027 - planforslag

Handlingsplan for vassforsyning og avløp

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune legg framlegg til kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017 - 2027 ut på offentleg ettersyn. Fristen for merknadar vert sett til 15. mars 2017. Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 11-14.

#### Formannskapet - 015/17 - 26.01.2017

#### FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

#### FS vedtak:

Austrheim kommune legg framlegg til kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017 - 2027 ut på offentleg ettersyn. Fristen for merknadar vert sett til 15. mars 2017. Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 11-14.

## **Saksopplysninger:**

Kommunestyret gjorde den 16.02. 2011 med heimel i plan- og bygningslova si § 11-12 vedtak om oppstart av arbeid med kommunedelplan for vassforsyning og avløp i Austrheim kommune. I samband med oppstart av planarbeidet vart det utarbeidd eit planprogram som vart lagt ut til offentleg ettersyn våren 2012. Det kom inn fire innspel til planarbeidet. Desse innspela er det teke omsyn til i det vidare arbeidet med denne kommunedelplanen.

Arbeidet vart først leia av ei arbeidsgruppe med følgjande representanter:

*Rolf Henning Myrmel, avdelingsleiar, Teknisk drift, Terje Aasen, Teknisk drift , Arne Aven, Teknisk drift (deltok i en tidlig fase) og Reidar Øksnes, politikar.*

Planverksemda Multiconsult har vore planrådgivar for arbeidet og har gitt fagleg og administrativ bistand i arbeidet. Saksframlegg (plan datert 25. september 2013) om å senda «*Hovudplan for vassforsyning og avløpshandtering*» til offentleg ettersyn (vedlagt) vart utan grunngjeving utsatt i formanskapsmøte i møte den 19.06.2013 og i møte 15.01.2014 (saksnr. 135/13 og 012/14).

## **Framdrifta vidare etter formannskapsvedtak:**

Planarbeidet med kommunedelplan for vassforsyning og avløp med handlingsprogram i Austrheim kommune starta opp att hausten 2016. Det har vorte ei arbeidsgruppe med følgjande representanter som har gjort dette: *Rolf Henning Myrmel, avdelingsleiar, Teknisk drift, Bjørn Bjørge T. Størkersen, Teknisk drift, Olav Mongstad, ass. rådmann og Asbjørn Nagell Toft, avdelingsleiar, plan, bygg, oppmåling og miljø.*

Plandokumentet frå 2013 er omarbeidd der dette var naudsynt fagleg, men og vorte skrive om til nynorsk. Det vedlagte handlingsprogrammet er justert og oppdatert. Tidlegare hovudplanar for vassforsyning og avløpshandtering som vart vedteken av kommunestyret i 2001 har i stor grad vorte teke med i det vidare planarbeidet her. Desse to hovudplanane vart i si tid utarbeida etter pålegg frå Fylkesmannen i Hordaland i 1996.

Kommunedelplanen skal leggast ut til offentleg ettersyn i tråd med plan- og bygningslova på vanleg måte. Kommunedelplanen skal gjelde i perioden 2017-2027 og vil verta styrande for utbygging av vassforsyninga og avløp i Austrheim kommune framover. Den vidare utbygging av vassforsyning og avløp må vedtakast årleg av kommunestyret. Kostnaden til utbygging må inndekkast av gebyrinntektene på desse områda i Austrheim kommune.

Austrheim kommune har eit interkommunalt samarbeid og avtale med Lindås kommune om leveranse av drikkevatn. Den vedlagte avtalen heiter: **«Avtale mellom Lindås kommune og Austrheim kommune om levering av vatn frå Storavatn»**. Denne avtalen vart underteikna den 2. januar 1986. Austrheim og Lindås kommuner finansierte på 1980-talet framføring av forsyningsleidning frå Storavatnet i Lindås til Mongstad med 33% støtte frå staten. Austrheim kommune betalte 33% og Lindås kommune 33% av kostnaden. Som ledd i dette prosjektet har kommunen avtale med Lindås kommune om forsyning via Litlås høgdebasseng på Mongstad. I punkt 8. i avtalen står det at: **«Oppstår det brot på vasstilførsla fram til Litlås, pliktar Lindås snarast å varsle Austrheim og utbetra skadane og eventuelt syta for mellombels løysing til skadane er utbetra»**. Det har vore diskutert samarbeid med nabokommunane Lindås og Radøy om reservevassforsyning frå Ulvatnet. I 2008 vart det utarbeidd eit forprosjekt på samarbeid med nabokommunane Austrheim og Lindås ved å etablere ringleidning frå Radøy via Njøta i Austrheim kommune til Hope i Lindås kommune, der leidningsnettet vart knytt saman med Lindås sitt vassleidningsnett. Prosjektet vart lagt til sides.

Vatn er vårt viktigaste næringsmiddel, og det er aukande fokus på vasskvalitet og tryggleik i vassforsyninga. Folketalsvekst og aukt interesse for etablering av ny industri i tilrettelagte områder gjer at Austrheim kommune må styrka eksisterande VA-infrastruktur og byggje ut denne. Trygg og god vassforsyning er grunnleggjande for etablering og utvikling i kommunen vår. Det er difor viktig at hovudplanen for vassforsyning og avløp vert tilpassa kommuneplanen sin arealdel, den var på offentleg ettersyn sommaren 2016. I avtalen med Lindås står det under pkt. 11 at: «*Skulle det verta trong for større bassengkapasitet på Litlås, skal det skje i samarbeid mellom kommunane og etter same modell som nemnt i punkt 4. Ved auka bassengkapasitet får Austrheim kommune fyrsterett til auka uttak.*»

Fylkesmannen i Hordaland gav den 18.03.1996 utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn i Austrheim kommune. Utsleppsløyvet gjeld for «***Oppsamling, transport, handtering og utslepp av kommunalt avløpsvatn. Handtering av slam og resipientgransking***». Den ligg vedlagt i saka. På avløpsida ligg kommunen etter i å etterleva eksisterande krav. Dette får konsekvenser for sektoren og pregar prioriteringane i denne kommunedelplanen. Førmalet med denne kommunedelplanen er og å sikra at alle i Austrheim kommune til ei kvar tid har tilgang på nok vatn med god drikkevasskvalitet. Det er også viktig at transport og handsaming av avløpsvatn skjer på ein slik måte at forureiningane ikkje fører til helseskade, går utover naturen, eller skadar naturen si evne til produksjon og sjølvfornying. Det er i denne planen utforma ein handlingsplan for vidare utbygging av vassforsyningsanlegga og kommunale avløp. Lurefjorden, Vikaosen/Sætreosen, Monslaupen, Bakkøysundet, Søre Fonnesvågen og vågane og straumane i Austrheim må i størst mogeleg grad sparast for utslepp frå avløp. I desse sjøområda er det liten gjennomstrøyming og vassutskiftinga er liten. Ureininga renn i stor grad berre fram og tilbake med tidevatnet. Fedjefjorden og Fensfjorden har gode tilhøve for å ta i mot utslepp frå avløp som har vorte reinsa. Her vert organiske stoff brote ned under forbruk av oksygen, oksygentilhøva er gode i desse sjøområda. Her er det stor gjennomstrøyming og god vassutskifting.

#### **Austrheim kommune sine hovudutfordringar innan vassforsyningsområdet er:**

- Austrheim kommune si reservevassforsyning har Lindås kommune ansvar for til høgdebassenget på Litlås. Dette er sårbart i forhold til at me berre har ein vassleidning fram til høgdebassenget på Årås.
  - Kapasitet og tryggleik i vassforsyninga er for dårlig.
  - Det er meir enn 50% lekkasjar på det kommunale leidningsnettet. Oppdatera leidningskartverket.
  - Hovudoverføringsleidningar frå Litlås (sjøleidningar) til vestsida av Austrheim er sårbar.
- Høgdebassenget på Årås dekkjer forbruket i 10 timer om ikkje tiltak for å redusera vassforbruket vert sett inn.
- Kommunen har ikkje driftskontrollsysten og det er såleis lite mogeleg å overvaka vassforbruk og følgja opp lekkasjar.

#### **Austrheim kommunes sine hovudutfordringar innan avløpsområdet er:**

- Lekkasje inn og ut på eksisterande avløpsleidningar og anlegg.

Overlaupsproblematikk.

-Gamle avløpsreinseanlegg.

-Utslepp til resipientar som er sårbare (Lurefjordbasseneget/vågar med tersklar og lite vassutskifting)

-Mange resipientar er sårbare i forhold til enkeltutslepp i Austrheim kommune.

-Oppdatera leidingskartverket.

#### **Vurdering:**

Rådmannen meiner at at gjeldane to hovudplanar frå 2001 på VA-området er fylgde opp på ein god måte etter desse vart laga i 2001. Mange tiltak som er nemnd her er gjennomførte. I tillegg har vassframføring til innbyggjarane på mange av øyane i Austrheim kommune vore ei viktig og stor oppgåve for kommunen dei siste åra. Rådmannen vil peika på at på avløpsida ligg kommunen etter i å etterleva eksisterande krav. Kommunen har i stor grad lukkast med å samordna utbyggingstiltak på VA-området med prioriterte trafikksikringstiltak som til dømes fortau og gang- og sykkelvegar. Også i denne kommunedelplanen har me sett på Austrheim kommune sin kommunedelplan for trafikksikring 2016-2023 for å sjå tiltaka på VVA i samanheng. Det er ofte både økonomisk og rasjonelt å gjennomføra slike tiltaka samstundes.

Rådmannen vil peika på at kommunedelplanen vert Austrheim kommune sitt styringsdokument på VA- området framover. Rådmannen vil peika på at folkehelseperspektivet og omsynet til leverings- og samfunnstryggleik er tydeleg i dette planframlegget. Rådmannen meiner at handlingsprogrammet med tiltak, kostnadsoverslag og prioriteringar er grundig drøfta i dette planarbeidet. Rådmannen synes at det skriftelege dokumentet og kartvedlegga er godt gjennomarbeidd.

Rådmannen meiner at den underteikna avtalen frå 1986 mellom kommunane Austrheim og Lindås tryggar godt vatn og god vassforsyning til Austrheim kommune framover. Rådmannen vil her visa til punkt 8. i avtalen der det står at om det oppstår det brot på vasstilførsla fram til Litlås pliktar Lindås å utbetra skadane og eventuelt syta for mellombels løysing til skadane er utbetra. Rådmannen vil også peika på om vidare utbygging i Austrheim kommune framover gjer at me treng meir vatn så gjer avtalen under punkt 11. dette mogeleg på ein god måte. Ved auka bassengkapasitet på Litlås får Austrheim kommune førsterett til auka uttak. Rådmannen vil peika på at Austrheim kommune framleis har ubrukt kapasitet i avtalen med Lindås kommune.

Rådmannen meiner at Austrheim kommune på sikt må vurdera på nytt saman med Radøy kommune ei løysing på reservevassforsyninga. Ein slik overføringsleidning vil kunna gjeva tosidig forsyning til Austrheim og vil også styrke kapasiteten og leveringstryggleiken mot Mongstad i tilfelle noko skjer med vassforsyninga sørover mot Storavatnet. Mongstadområdet har stor betydning for utviklinga i alle kommunane og regionen vil difor ha nytte av at vassforsyninga til området vert best mogeleg. Rådmannen meiner at ein ringleiding mellom Radøy og Litlås vil knytta saman tre vassverk i eit system og auka tryggleiken for alle dei tre kommunane. Rådmannen meiner at dette må vurderast grundig før bygging av eit nytt

høgdebasseng vest i Austrheim kommune ved Blomhaugane.

Rådmannen vil informera om at Austrheim kommune er ein del av Vassområdet Hordaland. Det er sett eit nasjonalt miljømål som seier at alle vassførekromster skal ha god økologisk tilstand i 2021. I tillegg til det arbeidet som vert gjort her skal kommunen gjera lokale tiltak i forhold til vasskvalitetten. Rådmannen vil peika på at i planperioden planlegg Austrheim kommune å flytta utslepp frå Fonnesstraumen til Nordre Fonnesvågen, med utslepp i Fensfjorden. Rådmannen ser at Fonnesstraumen har avgrensa vassutskifting og liten kapasitet for å ta imot større mengder avløpsvatn på grunn av tersklar og innsnevringar. I kommunedelplanen frå 2010 som gjeld i dette området står det at «*Byggjeområde skal knytast til kommunalt, eller ha felles vass- og avløpssystem.*». Utbygging etter denne kommunedelplanen føreset revidering av avløpsplan og oppgradering av noverande renseanlegg og utslepp i dette planområdet. Rådmannen vil peika på at det at utsleppet frå Kaland-krinsen skal først ut i Fensfjorden alt vart vedteke i hovudplan for avløp som vart godkjent i 2001. Rådmannen vil peike på at dette og har vore tema i planprosessar som gjeld reguleringsplanar i planområdet som kommunedelplanen for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fonnes gjeld for. Rådmannen vil også få fram at utsleppet frå Øksnes nord må endrast til vestsida av terskelen i Øksnesvågen.

Rådmannen meiner at det på avløpssida i område som fell utanfor tettstadar med offentleg leidningsnett bør utarbeidast ei lokal forskrift for bruk av mindre separate avløpsreinseanlegg. Ei slik forskrift bør etter rådmannen si meining vedtakast av kommunestyret innan 2019.

Rådmannen ser at klimaendringane vil kunne medføra auka overlaupsdrift med påfølgjande forureining av resipientar, auka flaumfare, auka belastning på avløpssystemet og redusert kapasitet i lågliggjande leidningsanlegg og utsleppsanlegg. For å redusera og motverka negative effektar av klimaendringar meiner rådmannen at kommunen må ta omsyn til desse ved planlegging av nye VA-anlegg og ved tiltak på eksisterande anlegg. Det er difor viktig å vera oppdatert på dei siste forskningsbaserte prognosane på dette området.

Rådmannen synes framlegg til kommunedelplan med handlingsprogram på ein god måte har fått fram kva utfordringar og kva som må gjerast innafor vassforsyning og avløp i Austrheim kommune i planperioden. Rådmannen rår til at framlegg til kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017-2027 vert lagt ut på offentleg ettersyn. Fristen for merknadar vert sett til 15. mars 2017.

### **Konklusjon:**

Austrheim kommune legg framlegg til kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017 - 2027 ut på offentleg ettersyn. Fristen for merknadar vert sett til 15. mars 2017.